



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato  
17.11.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/8515 542.1  
Dykkar referanse

Lerøy Vest AS

5397 Bekkjarvik

### **Løyve til utslepp for oppdrett av settefisk av laks og aure for Lerøy Vest AS på lokaliteten Bjørsvik i Lindås kommune**

---

**Lerøy Vest AS får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av sjøklar settefisk av laks og aure med maksimalt årleg förforbruk på 1100 tonn og maksimal samla biomasse på inntil 1100 tonn på lokaliteten Bjørsvik i Lindås kommune. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.**

**Det er sett krav om partikkelreinsing av avløp når biomasseproduksjonen blir større enn 250 tonn. Slam frå reinseanlegget skal leverast godkjend mottak og det skal handterast slik at det ikkje genererer luktproblem for naboar.**

---

Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi viser til søknad frå Lerøy Vest AS av 17. juni 2015 oversendt frå Hordaland fylkeskommune 18. juni 2015 med ettersending av uttale frå Lindås kommune den 6. oktober 2015.

Lerøy Vest AS søker om løyve til utviding av produksjonen av sjøklar settefisk av laks og aure frå 2,5 mill. stk. til 7,5 mill. stk. og produksjon av inntil 1100 tonn biomasse og förforbruk inntil 1375 tonn.

Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som følgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld òg for utslepp frå reingjering av produksjonsutstyr. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall ved anlegget. Løyvet gjeld ikkje for slakting, sløyving og foredling av fisk.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Fylkesmannen vil påpeike at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Verksemda pliktar å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene

er nemnt i løyvet. Vi viser til [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no) for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

## **Vurdering**

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Søknaden gjeld utviding av produksjonen i settefiskanlegget frå 2,5 til 7,5 millionar sjøklar settefisk med ein biomasseproduksjon på 1100 tonn og eit fôrforbruk inntil 1375 tonn.

### *Tilhøvet til plan*

Utvidinga av anlegget skjer på areal som er sett av til industri i arealdelen av kommuneplanen for Lindås kommune. Då søknaden vart lagt ut til offentleg ettersyn kom det inn fleire merknader. Nokre av desse er knytte til fallrettar og regulering av Husdalsvatnet og er ikkje del av denne handsaminga. Det kom og ønskje om at settefiskanlegget burde reinse avlaupet, av omsyn til miljøkvalitet og lokalt friluftsliv. Vedtaket i Lindås kommune har og som første punkt at det bør setjast krav om reinsing av utsleppet frå anlegget.

### *Vassdraget*

Lerøy Vest AS fekk konsesjon for regulering og uttak av vatn frå Husdalsvatnet til settefiskproduksjon. NVE har i løyve av 18. mai 2015 ikkje sett vilkår om minstevassføring i vassdraget. Lerøy Vest AS kan ha eit vassuttak på 0,67 m<sup>3</sup>/s midla gjennom eit år, med maksimalt uttak på 1,0 m<sup>3</sup>/s. Husdalsvatnet kan regulerast mellom kote 47 og 51.

### *Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv*

Denne søknaden omfattar auke i biomasseproduksjon i eksisterande anlegg. I og med at det blir gitt pålegg om reinsing av utsleppet blir utvidinga vurdert til å ha liten påverknad på vill fisk i området.

Kartlagde friluftsområder (*Naturbase*) i området er i hovudsak knytte til fjellområda i Lindås og kystlina i Osterøy.

### *Sjøområdet som resipient*

Lokaliteten Bjørsvik har vassførekomsten Osterfjorden (0261020800-3-C) som resipient. Vassførekomsten er eit sjøareal på 41 km<sup>2</sup> og har god økologisk tilstand. I Vann-Nett er det knytt følgjande merknad til økologisk tilstand: *Økologisk tilstand pr. i dag er god etter overvåking av Mjeldstad restdeponi. Fjordssystemene rundt Osterfjorden må overvåkes grunnet oppdrettsaktiviteten.* Pr. i dag er det gitt utsleppsløyver for samla MTB like under 6.000 tonn, inkludert settefisk.

Osterfjorden er en djup terskelfjord. Største djup i Osterfjordbassenget er 645 m. Dette bassenget er skilt frå kyststrømmen av fleire tersklar der største djup er 120 m. Utskifting av djupvatnet i bassenget skjer med ujamne mellomrom, noko som resulterer i varierende oksygenmetning i djupvatnet.

Osterfjorden har vore overvaka sidan 70-talet. Resipientgranskingane har konkludert med at fjorden har god økologisk tilstand. Samstundes har det over tid vore endringar i dei målte kvalitetselementa, jf. tabell 1.

**Tabell 1:** Miljøtilstanden i Osterfjorden frå 1980 for nokre parametrar. Data henta frå Vann-Miljø og resipientgranskingar i Osterfjorden. Tal for 2015 er data vedlagt søknaden.

År	Tal artar	Tal individ	H'	Tilstandsklasse	% O <sub>2</sub>	Tilstandsklasse
1980	24	286	3,29	II	74	I
1989	45	608	4,31	I	78	I
1990	29	154	4,11	I	70	I
1991	42	568	3,94	II	66	I
2004	44	755	3,08	II	51	II
2009	49	831	3,81	II	68	I
2014	36	410	3,13	II	60	II
2015					53	II

Fjordsystemet rundt Osterøy har hatt ei utvikling med synkande oksygennivå i djupvatnet. Dette er og ein trend som òg er observert i Byfjordsundersøkingane (aukande temperatur og synkande O<sub>2</sub> metning). Dette kan vere ein effekt av klimaendringane. Effektane synest å vere sterkare i djupvatnet i fjordsystemet med mange tersklar. Grensa for tilstandsklasse III for oksygenmetning i djupvatnet går ved 50% metning. Målinga i 2015 ligg ikkje langt frå denne grensa. I 2004 var oksygenmetninga 50,7%. Auka utslepp av organisk materiale til dette fjordbassenget vil føre til auka oksygenforbruk og moglegheit for at djupvatnet kjem i tilstandsklasse III – moderat – målt på oksygeninnhald. Det vil difor vere viktig å redusere dei utsleppa som det teknisk og økonomisk sett er mogleg å redusere.

#### *Utsleppspunktet*

Avløpsvatnet blir ført i leidning ut i Osterfjorden på 37 m djupne ca. 300 m frå anlegget. Dette skal vere djupt nok til å sikre at avløpet ikkje kjem til overflata. Det er hardbotn på staden, noko som set eigne krav til miljøgransking.

#### *Resipientgranskingar og straummålingar*

Det er gjort resipientgranskingar ved utsleppspunktet etter ei tilpassa MOM B-metodikk. Desse har synt at det ikkje blir funne restar av organisk materiale med utsleppspunktet.

Straummåling ved utsleppspunktet syner at det er svak straum (2,3 – 2,9 cm/sek) med medels retningsstabilitet (Neumannparameter mellom 0,2 og 0,4).

### *Moglege konsekvensar for resipienten*

Osterfjorden er ein terskla fjord med ujamn utskifting av djupvatnet. Dette fører til at oksygenmetninga blir lågare i lengre periodar. Vi ser og ein trend med synkende oksygenivå i dei terskla fjordane rundt Osterøy. Utslepp av oksygenforbrukande organisk materiale bør difor reduserast der kor det er mogleg teknisk og økonomisk.

### *Utslepp av fiskeslam*

Fiskeslam inneheld mykje fosfor. Fosfor er eit grunnstoff som er sett opp på EU si liste over kritiske råvarer. Globalt står vi overfor utfordringar om å utnytte fosforressursane betre. I Norge har vi størst potensiale for betre ressursutnytting av fosfor i slam frå fiskeoppdrett, jf. Miljødirektoratet Rapport M-351 – 2015.

I Hordaland har alle settefiskeanlegga som har fått utsleppsløyve dei siste åra fått pålegg om reinsing og levering av fiskeslam til godkjent mottak. Status i dag er at anlegga som har løyve for 74% av kapasiteten for settefiskproduksjon har fått pålegg om reinsing av partikulært organisk materiale. Fylkesmannen finn difor ingen grunn til å støtte søknaden om ikkje å etablere reinseanlegg for avløpsvatnet.

Fylkesmannen si vurdering av mogleg resipientpåverknad som kjem frå anlegget ikkje representerer eit problem i dag. Etter kvart som produksjonen i anlegget aukar, vil trongen for partikkelreinsing auke. Dei siste åra har fôrforbruket variert frå grovt rekna 100 til 200 tonn.

### *Rammer for utsleppsløyvet*

Grunnlaget for utrekning av storleik av utsleppet er som følgjer:

- Fôrfaktor er sett til 1,0.
- Fôret inneheld 6,4 % (64 kg) nitrogen og 1,05 % (10,5 kg) fosfor.
- Fisken inneheld 2,76 % (27,6 kg) nitrogen og 0,38 % (3,8 kg) fosfor.
- Alt som ikkje er bunde opp som biomasse i fisk (inkludert daudfisk) går i prinsippet til utslepp, i dette reknestykket; 36,4 (64 – 27,6) kg nitrogen og 6,7 (10,5 – 3,8) kg fosfor.
- Bruk av filtre til reinsing vil fjerne 20 % av nitrogenet og 50 – 60 % (vi har nytta 55 %) av fosforet og organisk stoff.
- Ved produksjon av 1000 kg biomasse med enkel filtrering av utsleppsvatnet blir utslepp etter reinsing 29 kg nitrogen 3,0 kg fosfor og 27 kg organisk stoff målt som TOC.

### *Krav om reinsing og dokumentasjon av reinseffekt*

Vi har sett krav om reinsing når biomasseproduksjonen overstig 250 tonn pr. år. Det er eit vilkår i løyvet at oppdrettar kan dokumentere at dette blir halde. Denne dokumentasjonen kan gjerast ved å nytte dei tala synt over for å kunne dokumentere at ein held utsleppsgrensa. Med utgangspunkt i fôrforbruk og biologisk fiskeproduksjon kan brutto utslepp før reinsing reknast ut. Reinseffekten blir rekna ut ved å ha tal på kor mykje slam som blir teke og at innhaldet i slammet er kjend. Utrekninga må og ta utgangspunkt i ein fôrfaktor på 1,0. Jamne målingar av innhaldet i slammet vil vere naudsynt.

## *Støy*

Utsleppsløyvet følger gjeldande regler for grenser for støy frå settefiskanlegget. Støy frå anlegget kan vere sjenerande for naboane sjølv om verksemda helde grensene i utsleppsløyvet.

## *Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12*

Det er ingen registreringar i *Naturbase* eller *Artskart* som vil kunne kome i konflikt med settefiskanlegget på Bjørsvik. Registreringane er gjort greie for dokumentasjonsvedlegget frå Rådgivende Biologer AS rapport 2089.

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerda er strauummålingar og resipientgranskingar ved Bjørsvik og i vassførekomsten Osterfjorden, og dokumentasjonsvedlegg til søknaden. Kunnskapen om naturmangfaldet i våre fjordsystem er avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Grunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Vi vurderer det som å vere liten risiko for at miljøet skal bli uakseptabelt negativt påverka av å utvide produksjonen i settefiskanlegget på Bjørsvik når det samstundes blir sett krav om reinsing av utsleppet. Fylkesmannen vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet ikkje blir gjeldande, jf. naturmangfaldlova § 9.

Den samla belastninga på resipienten blir redusert som følge av kravet om partikkelfjerning av utsleppsvatnet, jf. § 10 i naturmangfaldlova.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Lerøy Vest AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT), jf. naturmangfaldlova § 12.

## **Konklusjon**

Fylkesmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget er til stades til å kunne gje eit utsleppsløyve for produksjon av sjøklar settefiska av laks og aure med samla biomasseproduksjon inntil 1100 tonn og fôrforbruk inntil 1100 tonn på lokaliteten Bjørsvik i Lindås kommune. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Fylkesmannen har vurdert risiko for ulemper ved tiltaket for ytre miljø som akseptable i høve til fordelane tiltaket gir i form av arbeidsplassar og matproduksjon.

Det er sett krav om reinsing av avløpsvatnet, krav om dokumentasjon av reinseffekt og miljøgransking ved utsleppspunktet. Fiskeslam frå reinseanlegget skal leverast godkjend mottak og det skal handterast slik at det ikkje genererer luktproblem for naboar.

Verksemda skal undersøkje miljøtilstanden ved utsleppspunktet med ei enkel miljøgransking minst kvart femte år for å dokumentere eventuell oppsamling av organisk materiale ved utsleppspunktet og eventuell utbreiing av dette. Verksemda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking, eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

## **Risikoklasse**

Verksemnda er plassert i risikoklasse 3. Fylkesmannen har lagt storleik på produksjonen og eigenskapane til resipienten til grunn for val av risikoklasse. Han er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Risikoklassen angir forventna ressursbruk ved tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Han har òg innverknad på kor ofte vi vil gjennomføre tilsyn med verksemnda og storleiken på gebyret ved tilsyn.

## **Gebyr for sakshandsaming**

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemnda under gebyrsats 3, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye løyve. Verksemnda skal betale 21.000 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemnda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemnda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

## **Erstatningsansvar**

Utsleppsløyvet frittek ikkje verksemnda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

## **Klage**

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Helsing

Sissel Storebø  
senioringeniør

Tom N. Pedersen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Utsleppsløyvet

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN